



# HAREID ROTARY KLUBB

Månedsbrev for desember 2020.

Distrikt 2305  
Klubbnr. RK  
12713

Årgang  
56



---

Møtedag: Mandag kl. 18.00 - 19.00  
Møtestad: Klubbhuset til Hareid  
IL, 6060 Hareid.  
President: Oskar Grimstad  
Visepres: Anne Gry Eilertsen  
Sekretær: Vegard Gjerde  
Kasserar: Hanne Rognan  
Past pres: Bjørn Teigene  
Styremedlem: Idar Flø  
Ansv.red.: Anne Gry Eilertsen  
Referent: Anne Gry Eilertsen

---

---

## *Haustfiske*

Elvi har flak av is,  
Ho er mager  
Og bit kvast  
Og renn ilski millom steinane.  
Askestuvane stend grå  
Ved barden,  
syner grant kvar tein  
Og svart knupp,  
Orekjerri er lutvute  
Og hirne av rim.  
Auren er spralten  
Og kald og fast.

*Olav H. Hauge*

---

## Referat frå Rotarymøte 19. desember 2020.

På grunn av korona-epidemien har Hareid Rotary Klubb ikkje hatt møte på nokre veker, og både Røyrafesten og Julemiddagen måtte dessverre takast ut av programmet.

Men måndag 19. desember gjennomførte vi eit annleis Rotary-møte: Vi møttest ved Vadbakk-brua klokka 18.00 og fekk utdelt faklar. Deretter spaserte vi langs Rotary-stien med korrekt korona-avstand fram til gapahuken i nærleiken av Grimstadvatn-osen, der det var servering av kaffi og vafler. Ei både kjekk og sosial samling, som vart den siste lagsaktiviteten for Hareid Rotary Klubb i 2020.

(Og det har ikkje blitt innmeldt noko korona-utbrot etter denne utandørssamlinga).

